



Tilsynsrapport

Rapport	
Rapporttittel Tilsyn med fleksible rør i Equinor	Aktivitetsnummer 001000203

Gradering	
☒ Offentleg	☐ Begrensa
☐ Unntatt offentligheit	☐ Fortruleg

Involverte	
Hovudgruppe T-1	Oppgåveleiar Audun Kristoffersen
Deltakarar i revisjonslaget Eirik Duesten, Kjell Arild Anfinsen, Trond Sundby og Audun Kristoffersen	Dato 26.10.2018

1 Innleiing

Vi førte tilsyn med fleksible rør i Equinor. Tilsynsaktiviteten vart gjennomført som eit heildagsmøte i Equinor sine lokale på Stjørdal den 25. september 2018.

2 Bakgrunn

Bakgrunnen for tilsynet er storulykkepotensialet knytt til drift av fleksible rør. Det har dei siste åra vore rapportert inn ei rekke hendingar knytt til desse som òg er vist til i vår rapport om risikonivået på norsk sokkel (RNNP). Over 50% av Equinor sin produksjon går gjennom fleksible rør.

3 Mål

Målet med tilsynet er å få ei oversikt over dykkar oppfølging av drift og vedlikehald på fleksible rør, og å sjå til at de har ei heilskapleg tilnærming til sikker drift på desse, som er i samhøve med dykkar eigne krav og krav frå myndigheita.

4 Resultat

Tilsynet vart gjennomført som eit heildagsmøte med presentasjonar, diskusjonar og spørsmål. Dei fylgjande tema vart diskutert:

- Bonded fleksible
- Utfordringar knytt til polymermaterialet PA-11
- Kontinuerleg overvaking av fleksible rør
- Pågåande levetidsforlengingar
- Bruk av tilgjengelege operasjonelle data på fleksible rør
- Endringar i styrande dokumentasjon og organisasjon

I tillegg vart det gjeve ei statusoppdatering på dei fleksible stigerøyra, feltrøyra og jumperar som Equinor har i si portefølje.

Ved gjennomgang av disseksjon av endekoplingar for Volvefeltet vart det gjeve ein status på arbeidet så langt.

Det vart frå selskapet informert om at for subsea endekopling for gasseksportrøyret var det observert ei utgliding av trykkbarriere. Dette vart ikkje observert for topside endekopling, men det vart informert om funn av ei mikrolekkasje der. Den interne granskingsrapporten var ikkje ferdigstilt, men er forventa ferdig i løpet av hausten.

Vi viste korleis den nye digitale innrapporteringa av hendingar i CODAM-databasen vert sjåande ut.

Det vart ikkje gjort nokon direkte verifikasjonar av dokumentasjon i tilsynet.

5 Observasjonar

5.1 Avvik

Det vart ikkje identifisert nokon avvik i tilsynet

5.2 Forbetringspunkt

Det vart ikkje identifisert nokon forbetringspunkt i tilsynet

6 Deltakarar frå oss

Audun Kristoffersen	Konstruksjonssikkerheit	(oppgåveleiar)
Eirik Duesten	Konstruksjonssikkerheit	
Kjell Arild Anfinsen	Konstruksjonssikkerheit	
Trond Sundby	Konstruksjonssikkerheit	

7 Dokument

Følgjande dokument vart nytta under planlegging og gjennomføring av aktiviteten:

- Presentasjon i møtet

Vedlegg

Ei oversikt over dei som deltok på tilsynet